

Inntaksreglement for Stiftinga Tuddal Montessoriskule



§ 1 Inntak

Inntak av elevar til Tuddal Montessoriskule skal skje i samsvar med friskolelova § 3-1 og inntaksreglement fastsett av styret for Tuddal Montessoriskule.

§ 2 Elevinntak

Skulen skal vere open for alle som fyller vilkår for inntak i offentleg skule. Tuddal Montessoriskule skal ha heile landet som inntaksområde.

Skulen skal ta inn elevar i høve til skulen sin kapasitet. Skulestyret avgjer kvart år, saman med dagleg leiar/rektor, kor mange elevar som skal takast opp. Skulen tek berre inn elevar til skulestart om hausten. Dersom skulen har ledig kapasitet ved skulestart om hausten, kan styret gjere unntak frå regelen. Desse unntaka er omtala i § 5 i dette inntaksreglementet.

Dersom det er fleire søkjarar enn det skulen har godkjenning for, eller det tal på elevar som skulestyret har fastsett, vil søkjarane prioriterast jf. § 4.

Potensielle søkjarar vert gjort kjende med inntaksreglementet. Søknad skjer ved å sende inn søknadsskjema som er utarbeidd av skulen.

Skulen har 40 ledige elevplassar. Dei ledige elevplassane er i 1.-7. trinn.

I samband med opptak til skulen gjevast foreldra ei innføring i skulen sine pedagogiske prinsipp og arbeidsmåtar.

§ 3 Kunngjering om inntak av elevar

Kvart år i januar skal inntaket gjerast offentleg kjend, gjennom eigna media og skulen si heimeside. Søknadsfristen kvart år er 1. mars. Dersom det er ein heilagdag/offentleg fridag, er søknadsfristen på den påfølgjande verkedagen. Kunngjeringa skal gje naudsynte opplysningar om søknadsfrist.

Dersom skulen har ledig kapasitet etter den ordinære søknadsfristen vert også søknader sendt innan 1. april behandla.

§ 4 Prioritering av elevar ved inntak

1. Barn som startar i 1. årstrinn.
2. Barn med sysken på skulen eller sysken som søker i same opptak.
3. Barn som bur i geografisk nærleik til skulen.
4. Barn av tilsette ved skulen.
5. Barn som har gått på montessoriskule eller i montessoribarnehage.
6. Dersom to barn stiller likt, avgjer ein inntaket gjennom loddtrekking.
7. Søknadar sendt etter den ordinære søknadsfristen jf. § 3 vert prioritert etter søknadar sendt innan den ordinære søknadsfristen.

§ 5 Unntak for regel om inntak

Dersom skulen har ledig kapasitet (jf. skulestyret si avgjerd før kunngjering) ved skulestart, vil skulen ta inn elevar i løpet av året dersom:

1. Barnet er nyinnflytta innanfor kringsgrensene til tidlegare Tuddal skule.
2. Barnet kjem frå ein annan montessoriskule.

For opptak etter § 5 gjeld prioriteringar etter dato for motteken søknad.

Det er for slike søknadar ingen søknadsfrist.

§ 6 Inntaksnemnd

Rektor gjer vedtak om inntak etter § 2, 3, 4, 5 og 8 i dette reglementet.

§ 7 Handsaming av søknadar og kunngjering om inntak av elevar

Inntak av elevar er delegert til dagleg leiar/rektor og styreleiar. Etter utløp av søknadsfristen skal dagleg leiar/rektor og styreleiar gå gjennom alle søknadar.

Kunngjering om inntak skal finna stad innan seks veker etter utløp av søknadsfristen. Alle søkjarane skal ha skriftlege svar på sine søknadar. Melding om inntak, eller avslag på søknad, er eit enkeltvedtak etter forvaltningsloven. Vedtaket skal grunngjevast, og søkjar skal gjerast merksam på moglegheit for å klage og retten til å sjå dokumenta i saka, jf. forvaltningsloven.

Søknadar om inntak vil verte handsama og vedteke i høve til forvaltningsloven sine føresegner. Fylkesmannen i Telemark er klageinstans.

Ved inntak av elevar skal Tuddal Montessoriskule sende melding til elevens heimkommune sin skuleadministrasjon snarast etter inntak.

§ 8 Prioritert venteliste

Dersom det er fleire søkjarar enn plassar, kan rektor opprette ei prioritert venteliste jf. § 2 og § 4 i dette reglementet. Denne ventelista kan nyttast dersom ein eller fleire elevar som har fått plass likevel ikkje tek imot plassen.

§ 9 Endring av inntaksreglement

Inntaksreglementet kan endrast av styret for Tuddal Montessoriskule innanfor ramma av gjeldande reglar i friskolelova § 3-1.

§ 10 Endringslogg

Inntaksreglement for Stiftinga Tuddal Montessoriskule er:

Vedtatt i styremøte 26.1.2018.

Sist endra i styremøte 11.12.2023.